



LINDÅS KOMMUNE  
ORDFØRAR

OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET	
02 / 2351 - 104	
DATO 25 MARS 2003	
AN 501	EKSP.
Vassdragsse	

Olje- og Energidepartementet

Postboks 81148  
0033 OSLO DEP

Dykkar ref: Vår ref: Sakshandsamar: Direkte tlf: Arkivkode: Dato:  
01/02006-12 Odd Tøsdal 56 35 65 02 S01 &13 21.03.03

## HØYRING VEDK. LOVUTKAST OM ENDRINGAR I INDUSTRIKONSESJONSLOVA OG VASSDRAGSREGULERINGSLOVA. HEIMFALL AV KRAFTVERK.

Lindås kommune går mot at framlegget som ligg føre til endring i industrikonsesjonslova og vassdragskonsesjonslova vert vedteke.

Dersom heimfall likevel skulle bli aktuelt, forutset vi full erstatning.

Lindås kommune meiner at det vidare arbeid må rettast inn mot ein modell der følgjande tre forhold vert lagt til grunn:

1. Verdinøytralitet.  
Verdiar som er bygt opp av kommunar og fylkeskommunar bør ikkje automatisk og ukompensert overførast til staten. Ny lovgjeving må vera verdinøytral og ikkje innebera ein formueoverføring mellom selskap, mellom eigarar eller mellom noverande eigarar og stat.
2. Ingen investeringseffekt.  
Ei ny lovgjeving må ikkje, gjennom å påvirka insentivstrukturane i negativ retning, vera til hinder for investeringar og effektiviseringstiltak i kraftverka. Her er det ein fare for store bedriftsøkonomiske, og ikkje minst samfunnsøkonomiske tap.
3. Næringspolitisk stimulerande.  
Liberaliseringa av energilovgjevinga på 1990-talet har opna nye utsikter for ei tradisjonsrik næring. Vidareutvikling av kompetanse og fokus på miljøvenleg energi må ikkje verta hindra av statlege reguleringar og eit lovverk der det vert førande å sjå på vasskraftproduksjon som ei "mjølkeku" for staten. Næringa og deira eigarar må stimulerast til utvikling og verdiskapning, ikkje passiviserast til påhaldne forvaltarar av statlege ressursar.

Med helsing

Odd Tøsdal  
ordførar

Postadresse 5914 ISDALSTØ	Besøksadresse Rådhuset	Telefon 56 35 65 00	Telefaks 56 35 65 01	Konto 7413 05 01005 Organisasjonsnr. 935 084 733
------------------------------	---------------------------	------------------------	-------------------------	---